		Endeleg
	FØREMELD INSPEKSJON ved SAGA BOATS AS	RAPPORT

Verksemda si adresse:	6740 SELJE	**Arkivkode:**	2008/3522
Organisasjonsnr.	957382711	**Dato for kontrollen:**	26.08.2008
Lovverk:	Ureiningslova med forskrifter	**Risikoklasse:**	3
Kontrollør:	Torunn G. Hønsi	**Tilstades frå verksemda:**	Idar Martin Refsnes

Innhald i rapporten:
Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei kontrollerte områda av det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS) i verksemda.

Kontrollomfang:
- Produksjons-/forbruksavfall, avfallsbehandling
- Handtering av kjemikaliar og farleg avfall
- Internkontroll knytt til ytre miljø (vern mot ureining)

Kontrollen omfatta òg synfaring ved Saga Boats AS som del av verifikasjonen av om lovverket vert følgd.

Resultat av kontrollen:
Det vart påvist 2 avvik og gitt 1 merknad i høve til HMS-lovgivinga som gjeld ytre miljø.

Avvika omtalar:
- **Verksemda har PCB-armatur fortsett i bruk**
- **Handtering og lagring av farleg avfall**

Merknaden gjeld:
- Oppdatering av HMS-datablad permen

24.09.08

Dato

Kontrollør
Fylkesmannen Sogn og Fjordane

1. Om kontrollen

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Saga Boats AS** den 26.08.08. Kontrollen inngår som ein del den kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Målet med inspeksjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet fungerer tilfredsstillande når det gjeld det ytre miljøet. Hovudtema for tilsynet var knytt til handtering av kjemikaliar og farleg avfall.

Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Me vil gjere merksam på at me ikkje granska alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak for å unngå ureining av ytre miljø.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Avvik

Følgjande avvik vart funne under kontrollen:

Avvik 1: Verksemda har PCB-armatur ulovleg i bruk

Avvik frå: Produktforskrifta § 3-1.

Kommentar:
Det har vore forbode å ha i bruk kondensatorar som inneheld PCB i innandørs lysrøyrarmatur og damplamper sidan 1. januar 2005, men under visse føresetnader kunne ein utsette utfasinga til 1. januar 2008. Forbodet mot å ha i bruk PCB-haldig lysarmatur og damplamper utandørs gjaldt frå 1. juli 2007. Under visse vilkår kunne utfasinga utsettast til 1. juli 2008. Etter 1. juli 2008 er det såleis totalt forbod mot bruk av PCB-haldig lysarmatur både innandørs og utandørs.

Omtale av avvik:
Verksemda er i gong med utfasing av PCB-haldig lysarmatur innandørs, men har framleis om lag 100 stk lysarmatur att å skifte. Stryn Elektro AS er engasjert for å fjerne armaturane, men pga. mykje oppdrag og vanskar med å skifte armatur i hallar som er i bruk, har utfasinga trekt ut i tid. Verksemda opplyser i ein epost datert 27.08.08 at utfasinga av dei resterande armaturane vil bli gjort i løpet av hausten 2008.

Avvik 2: Verksemda si handtering og lagring av farleg avfall har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § §11-5, 11-6 og 11-8.

Kommentar:
Farleg avfall skal handterast forsvarleg for å unngå fare for ureining eller skade på menneske eller dyr. Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall og ulike farlege avfall skal ikkje samanblandast dersom det kan føre til fare for ureining, eller skape problem for vidare handsaming av avfallet. Dersom ein blandar saman to ulike farlege avfallsfraksjonar for å gjere avfallet om til ordinært næringsavfall og slik gjere avfallshandteringa enklare, må ein innhente spesielt løyve til dette frå SFT eller FM. Alt farleg avfall som overstig 1 kg, skal leverast minst 1 gong pr. år.

Omtale av avvik:
Brukt løysemiddel (aceton) står til avdamping i eit eige skur utandørs og vert tilslutt tilsett herdar. Ein får på denne måten større utslepp av aceton og styren til luft, samtidig som ein blandar farleg avfall for å gjere det om til vanleg, ordinært næringsavfall. Dette er å forstå som handsaming av farleg avfall jf. avfallsforskrifta § 11-5 og krev særskilt løyve frå ureiningsstyresmaktene etter avfallsforskrifta § 11-6. Eit slikt løyve har ikkje Saga Boats AS i dag, og dersom verksemda vil fortsette med denne praksisen, må det innhentast løyve frå fylkesmannen.

Lagringa av spillolje, diesel, bilbatteri og lysrøyr er plassert i garasjen der doser står parkert, utan nokon skiljevegg mellom avfallet og køyretøyet. Det er bra at avfallet står under tal og skjerma for nedbør. Men faren er stor for at nokon kan rygge inn i avfallet, som heller ikkje er sikra mot lekkasje.

Det kom fram under tilsynet at brukte sprayboksar ikkje har blitt levert som farleg avfall tidlegare. Sprayboksar er alltid farleg avfall om dei er tomme eller halvfulle, og må leverast som eigen avfallsfraksjon.

Farleg avfall frå verksemda vart sist levert i større mengder den 18.03.04, medan noko avfall òg vart levert 01.07.07. Farleg avfall over 1 kg skal leverast ein gong pr. år (jf. avfallsforskrifta § 11-8). Verksemda har i etterkant av kontrollen sendt melding om at spillolje, batteri, lysarmatur, sprayboksar etc. skulle bli henta av Franzefoss i veke 36.

3. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Permen med HMS-datablad og IK-dokument bør oppdaterast jamleg

Kommentar:
Verksemda har ein omfangsrik HMS-datablad perm, men mykje av datablada er eldre enn 2001. Det er heller ikkje skilt mellom produkt som er i bruk og kva som ikkje lenger vert brukt i produksjonen. Innsatsstoff og hjelpestoff i kjemiske produkt endrast over tid, forbodne stoff og stoff med farlege eigenskapar vert skifta ut med lovlege eller meir ufarlege komponentar. Sjølv om produktet har same namn og kjem frå same produsent , kan innhaldet av kjemiske stoff ha endra seg, og dermed endrar eigenskapane og effekten av evt. søl/lekkasje og ureining på menneske/dyr og miljø seg òg. Ei samling av datablad bør difor alltid oppdaterast jamleg, og produkt som ein ikkje lenger brukar bør oppbevarast pga. historisk verdi, men skilt frå dei som er i bruk ved skiljeark eller i eigen perm.

Verksemda viste fram opplæringshandbok for nytilsette der handtering av kjemikaliar, produksjonsprosessar og farleg avfall vert omtalt. Handboka er frå 2001. Internkontrollarbeid bør vera ein kontinuerleg prosess i ei verksemd, der alle aktivitetar og prosedyrar jamleg vert reviderte og forbetra. Nokre av prosedyrane verksemda har hatt har resultert i avvik ved dette tilsynet. Når no verksemda ordnar opp og etablerer nye rutinar knytt til avfallshandtering, bør dette resultere i ein ny gjennomgang av internkontrollen og oppdatering av den. Sidan tilsynet denne gongen hadde tema knytt til handtering av farleg avfall og kjemikaliar, kan det vera andre sider ved internkontollen som ikkje er kontrollert, og som kan føre til avvik ved eit anna høve.

4. Andre tilhøve

Saga Boats AS har gode arbeidsrutinar som sikrar at alt brannfarleg avfall frå produksjonen alltid vert transportert ut på lager ved arbeidsslutt. Dette førebygger branntilløp og fare for ureining. Uteområdet til verksemda er òg ryddig og reint med lite eller ingen forsøpling og jernskrot. Området er avstengt med portar på kveldstid.